S. Næsse.

havn i vedra og vextel

# Norsk Maallæra

elder

# Grammatik i Landsmaalet

ved

**Kr. M. Hægstad,**
Skulestyrar.

Det fagraste Maal, som paa Jordi er,
er Maalet aat den, som du mest heve kjær.
Og elskar du Folket i Norigs Dalar,
so elskar du Maalet, som Folket talar.

Norsk
Skolemuseum

**Namsos.**
Eiget Forlag.
**1879.**

Sigurd Nesse
lærar

„Det er ikke længer Navnet af et norsk Skriftsprog og norsk Litteratur, som Nordmændene ville vinde. Men nu er det Virkeligheden af et selvstændigt Skriftsprog, som fremæsker Norges Aander. Dette maa Tiden af sig selv afføde, før Aarhundredet nedrødmer."

„Vi overlade dog ikke dette til den (Tiden) alene: Vi maa ikke mistvivle om vore Kræfter i en Kamp af saa høi en Moralitet."

Henrik Wergeland.

Joh. Christianssens Bokprenting.

# Fyreord.

Det vert sterkare og sterkare det Kravet, at det **rette** norske Maal maa igjen koma til sin gamle Rett. Det store Framtaket, som Landet heve gjort paa Upplysningsvegen dei sidste tio Aar, heve gjort Saki kjend ute i Folket og dermed ogso gjort Kravet større en nokorsinne fyrr. Og so myket er trulege vist, at det vert aldri meir stilt i Norig um denne Saki, fyrr det norske Maal i alle Maatar vert sett jamsides med Dansken. Og daa er vel ogso Maalstriden i Norig snart Ende.

Dei, som hava største Æra av Maalreisningsarbeidet ute i sjølve Folket, er den norske Aalmugeskulelæraren og Folkehøgskulen. Det er dei, som bera fram sterkaste og varmaste den norske Sak, den nasjonale Tanke. Det er ogso myket desse Folki, eg heve tenkt paa, daa eg gav meg til aa skriva denne vesle Maallæra. Eg veit, at det er mange Lærarar, som ynskja seg ei norsk Maallæra paa norskt Maal, og kunde dei no berre finna seg nokorlund nøgde med denne fyrste Prøva, so dei tykkja, at ho er til nokon Studnad og nokor Rettleiding, heve ikkje mitt Arbeide voret spilt.

Um Maalformi, som her vert uppstelt, so er det den same, som Ivar Aasen heve brukat. So lenge som det ikkje heve skapat seg nokon fast Landsuttale, trur eg, at denne Formi er den likaste. Iv. Aasen heve lært oss, korleides me skal skriva Folkemaalet vaart, so alle Maalføri faa leggja Ordmengdi si ned i Maalet. Di rikare og sterkare vert det. Naar det daa eingong heve fest seg ein aalmenn Landsuttale, vil det verta den Tid si Sak aa gjera det næste Stiget: aa skriva etter den Uttalen, som det daa vil vera. — Det einaste merkande, naar ein liknar ihop Maalformi i denne Boki med den, som er frambori i Iv. Aasens „Norsk Grammatik" (1868) er:

1. I Eigenskapsordi er her uppsett Former med —e, der Norsk Grammatik heve —a (her: den store Kyrkja, det store Huset; N. Gr. den stora Kyrkja, det stora Huset), so nær som i ub. Mangtal i Kvinnkyn, der eg brukar a liksom N. Gr.: stora Kyrkjor. I dei fleste nyare Maalbøker bruka dei no e paa alle desse Stader, endaa der eg heve haldet paa a*) — med den Grunn, at dei Maalføri, som hava Skaalerna, Visorna, ogso hava stora Skaaler, gamla Visor, so at desse Formerna høyra ihop; Jv. Aasens Ordbok heve ogso haldet paa a berre i dette Tilfellet liksom denne Maallæra: „fria Hender", „manga Raader". Men alla Formerna i N. Gr. vil ein ogso finna her; dei er uppførde i Klomber attmed. Eks.: store(a)

2. I Fyrrtid av sterke Gjerningsord er Mangtal i denne Boki likt med Eintalet: eg fekk, dei fekk; N. Gr. eg fekk, dei fingo. I Notid er derimot Skilnaden gjenomførd liksom i N. Gr. Eks.: eg fær, me faa — undtakand i „skulo" og „vera," der eg brukar Eintalsform: dei er, dei skal. Men ogso i dette Tilfellet er Formerna i N. Gr. medtekna og sette i Klomber. Eks.: Eint. fekk (Mangt. fingo).

I desse tvau smaae Avviki samstevjast denne Maallæra og Maalformi i Ervingen (1874) fyre det allrameste.

3. „verda" i N. Gr. er her skrivet „verta" og „at" etter Uttalen „aa".

Eg heve meint, at slike Maalføre, som bruka i Talen dei Former, eg heve sett i Klomber, kunna skriva deim ogso, og at kvar og ein maa kunna nytta deim i Kvedskap elder Poesi, um det

---

*) Eg heve elles i dette Stykke gjenget fram etter desse Reglarne:

1. Eigenskapsordet fær alltid a, naar det stend strakst framfyre Tingordet, vist ikkje dette endar paa —ing: manga Raader; skrivna Bøker. Stend det fleire Eigenskapsord framanfyre, fær berre det sidste a: fleire stora Bøker; mine eigna Saker.

2. Etter usjølvstøde Gjerningsord (§ 11 Merkn. 2) faa berre reine Eigenskapsord og Eigenskapsmaaten (Partisip) av sterke Gjerningsord a: Visorna er langa; Bøkerna er skrivna; derimot: Bøkerna er gøymde.

3. Linne Gjerningsord, som hava —ad i Eigenskapsmaaten, faa alltid —e (§ 99).

lyster nokon gjera det, og det vert gjort med Vit. Den Ujamnen, som det kann verta millom Maalformom hjaa ymse Bokskrivarar er ikkje reknande fyr det Slag, naar han ikkje er større en i desse Stykki.

Og so tilsidst eit Par Ord um Namni paa dei grammatikalske Uttrykk i denne Maallæra. Det var ikkje alltid so godt aa vita, kor ein skulde bera seg aat med dei latinske Kunstordi. Aa bruka berre dei latinske Namni er lettvint nog fyre den, som skriv, men reint meiningslaust, naar det er Tanken, at norsk Bondeungdom skal bruka Boki. Aa umsetja alle Namni og berre bruka dei norske Umskrivningarne vøre beter; men eg tykte, at det var for vaagsamt denne fyrste Gongen; det vil verta nog av nye Ting likavel i ei norsk Maallæra. So heve eg valt ein Millomveg. Der som den norske Umskrivning fell ihop med den danske, som no finst i manga Maallæror, og som alle Lærarar kjenna og mangfaldige bruka, der heve eg alltid nyttat det norske Namnet. (Tingord ist. Substantiv; Gjerningsord ist. Verbum). Likaeins er det norske Namnet brukat, naar det ikkje kom lenger burt fraa det danske, en at det er lett atterkjennande (Eigenskapsord, Kjenneord). I andre Tilfelle heve eg ogso alltid umskrivet dei latinske Kunstordi, men sidan berre brukat dei norske Ordi, naar dei var serdeiles lette baade aa skyna og læra (Mangtal, Mannkyn, Kvinnkyn o. s. fr.); elles heve eg brukat dei latinske (Subjekt, Pronomen). Skulde no sume tykkja, at her er endaa for myket Latin, faa dei trøysta seg med, at det daa alltid stend eit norskt Namn attmed det latinske, og at det vil finnast nog utav deim, som synast, at her er for myket Norsk.

Som ein snart vil sjaa av Boki, heve eg ogso tenkt paa Byungdomen og difyre forklaarat mange Ord i Upprekningarne, som er mindre kjende i Byom.

Give daa Boki kunde verta til Rettleiding fyre mange!

Namsos den syttande Mai 1879.

## Rettingar.

I suma Bøker er der nokre Misprentingar, som Lesaren burde retta, fyrr han tek i Bruk Boki. Soleides stend det Sida 4 i 10de Rad nedanfraa: finnst istadenfyre finst, Sida 7 i 17de R. ned. ogsaa fyre ogso, Sid. 12 2dre R. ovanfraa: Sand fyre Saud.

# Innleiding.

Det Maalet, som dei fleste Folk tala her i Landet, er **norsk.** Det norske Maalet elder Folkemaalet er Dotter aat Gamalnorsk. Det kløyver seg no i mange, ymse Bygdarmaal (Maalføre); men Skilnaden millom deim ligg mest i Tonelaget, Uttalen og nokre Bøygningsendingar. Bygdarmaali samna seg etter visse Merke i tri Flokkar: Vestanfjells-Maalføre, Austanfjells-Maalføre og Nordanfjells-Maalføre. Paa desse Maalføri er Landsmaalet elder Mynstermaalet bygt, soleides at alle norske Ord er gilde og brukande, kvar dei finnast, men den reinaste og tydelegaste Formi vert nyttad. Daa dei reinaste Maalføri er paa Vestlandet og i Fjellbygdom paa øystre Sida Filefjell, vert Landsmaalet allra likaste desse Bygdarmaali.

Naar ein les Landsmaal, kann det gjelda som aalmenn Regel, at han maa leggja det so nær inn til Talemaaten i si eigi Bygd som mogelegt.

## Maallæra.

### 1. Setning. — Ordklassor. — Ljod.

§ 1. **Maallæra** (Grammatik) heve til Fyremaal aa syna fram Bygnaden aat Maalet.

§ 2. Maalet er ihopsett av Setningar. Ei **Setning** er ei Samning med Ord, som det er ein serskild heil Meining i. Eks. Soli skin.

§ 3. I Setningi lyt det alltid vera eitkvart, som vert umtalat, og som gjerer nokot elder som det hender nokot. Eks.: Soli skin. Barnet søv. Denne Setningsdeildi kalla me **Subjekt** (Hovudlid).

§ 4. Likaeins lyt det i Setningi verta sagt nokot um Subjektet. Eks.: Soli skin. Barnet søv. Denne Setningsdeildi kalla me **Prædikat** (Umsegn).

Merkn. Subjektet kann ein stundom utelata. Eks.: Kom! (meint: Kom du); give det var so vel (meint: Gud give det o. s. fr.)

§ 5. Setningi er samansett av Ord. Ordi kunna verta deilte i tio Klassor elder Deilder, som dei kalla Ordklassor, soleides at kvart einskilt Ord i Maalet høyrer til ei av desse Klassom. **Ordklassorna** er:

§ 6. **Tingord** (Substantiv) kalla me dei Ordi, som er Namn paa Folk, Dyr, Ting og paa alt, som me kunna tenkja oss som Folk elder Ting. Eks.: Gut, Orn, Hus, Friheit (ho, som ei Kvinna), Hogg.

Merkn. Tingordi verta deilte i tri Hopar:

1. Samnamn (Appellativ), aalment Namn paa Ting, som det er ei Mengd utav, Eks.: Gut, Stol.

2. Sernamn (Proprium), sereiget Namn paa Ting, som det finst berre ein utav, Eks.: Olav, Norig.

3. Umgripsnamn (Abstrakt), Namn paa ukroppslege Ting elder Umgrip. Eks.: Slag, Svevn, Lengd, Breidd.

§ 7. **Eigenskapsord** (Adjektiv) er dei Ordi, som syna, korleides ein Ting ser ut elder er skikkad. Eks.: svart Lamb; stor Sorg.

§ 8. **Pronomen** (Hjelpe-Tingord, Byteord) er slike Ord, som dei bruka istadenfyre Namnet paa Tingen. Eks.: Eg, du, han, kven?

§ 9. **Talord** (Numeral) kalla me dei Ordi, som

me telja med. Eks.: ein, tvo, tri o. s. fr.; den fyrste, den andre o. s. fr.

§ 10. **Kjenneord** (Artiklar) kalla me nokre smaae tonlause Ord, som verta aatlagde Tingord og Eigenskapsord. Det er 2 Slag Kjenneord:

det **ubundne** Kjenneordet er: ein, ei, eit. Eks.: ein Mann; ei Kona; eit Barn; ein stor Foss;

det **bundne** Kjenneordet heiter i Lag med Eigenskapsord: den, det, dei og vert daa sett framanfyre. Eks.: den store Fossen; det kvite Huset; dei høgste Nutarne. — I Lag med Tingord vert det upp i ei Ending: —en, —i, —et; —ne, —na, —i. Eks.: Bjørnen, Soli, Huset; Gutarne, Skaalerna, Husi.

Merkn. Naar den, det, dei stend framfyre Tingord (den Mannen), er det ikkje lenger tonlaust og helder ikkje Kjenneord, men (eigenskaplegt) Pronomen.

§ 11. **Gjerningsord** (Verb eld. Verbum) **kalla me dei Ordi**, som syna, kvat Tingen gjerer elder at eitkvart gjeng fyr seg. Eks.: føra, syngja, bjoda (by), fara.

Merkn. 1. Naar Gjerningi verkar paa eitkvart, kalla me Gjerningsordet paaverkande elder **verksamt** (transitivt): aa kasta Stein. Slike Ord er: dikta, føra, giva, taka. Naar Gjerningi ikkje gjeng ut yver nokot, kalla me Ordet upaaverkande elder **uverksamt** (intransitivt). Slike Ord er: drøyma, døy, ganga, koma, vaka.

Merkn. 2. Det er Gjerningsordet, som skapar Prædikatet. Nokre Gjerningsord, som etter sitt aalmenne Bruk ikkje kunna staa aaleine, men turva eit Tingord elder Eigenskapsord i Lag med seg, kalla me **usjølvstøde** Gjerningsord. Eks.: Han er stor. Slike Ord er: vera, verta (bli, bi), heita, kallast.

§ 12. **Adverb** (Fylgjeord) er slike Ord, som ofta fylgja med Eigenskapsord og Gjerningsord og giva

deim ei viss Vending i Tydingi. Eks.: Baaten er nokot stor; han er svært stor. Guten skriv godt.

Merkn. Eit Adverb kann ogsaa verta aatlagt eit annat Adverb. Eks.: han gjekk ikkje langt.

§ 13. **Præposisjonar** (Høveord) er dei Ordi, som merkja ut eit Høve millom ymse Ting. Eks.: Boki ligg paa Bordet; Boki ligg under Bordet; Lampen heng yver Bordet. Han er reist til Amerika.

§ 14. **Bindeord** (Konjunksjonar) er dei Ordi, som binda saman Ord elder Setningar. Eks.: Sol og Maane. Det gode gjerest, medan det vonde gjeng.

§ 15. **Utropsord** (Interjeksjonar) er slike Ord, som berre verta brukade i Utrop. Eks.: au; aa hei, aa haa!

Merkn. Adverb, Præposisjonar, Bindeord og Utropsord kalla me med eit Namn **Smaaord** (Partiklar).

§ 16. Ordi er ihopsette av **Ljod**. Ljodi verta merkte med Teikn, som me kalla Bokstavar. Dei Bokstavarne, som er brukelege i vaart Maal, verta uppstelte soleides:

A B D E F G H I K L M N O P R S T
a b d e f g h i j k l m n o p r s s t
U V Y Æ Ø Aa.
u v y æ ø aa.

Merkn. 1. C, Q, X, Z (c, q, x, z) kann ein nytta i Framandord.

Merkn. 2. a, e, i, o, u, y, æ, ø, aa er Teikn fyre **Vokalar** elder Sjølvljod (Ljodstavar); dei andre b, d, f o. s. fr. kalla me **Konsonantar** (elder Samljod). — au, ei, øy kalla me **Diftongar** (elder Tviljod).

§ 17. Med Vokalarne er det aa merka, at e, i, o, u, y, ø hava tvau Slag Uttale:

ein trong („lukket"). Eks.: Kne, lett; Liv, fritt; stor,
skodd; Hus, budde; lysa, Hylla; søt, møtt;
og ein open (eld. vid). Eks.: mett, veva; mitt, Lit;
Odd, Mose; upp, Hug; Lyst, myket; gløgg,
Mjød.

Framfyre einskild Konsonant er Vokalen lang (Liv, Hus, Lit), likaeins naar han stend aaleine (Kne); framfyre twifeld Konsonant er han stutt (fritt, Hylla, møtt). Som Eksempli visa, kunna baade tronge og opne Vokalar vera baade lange og stutte. Likaeins kunna Tviljodi vera baade lange (stauka, Stein, drøyma) og stutte (snaudt, leidt, brøytt).

Merkn. 1. Det norske Maalet heve soleides i heilo (med Diftongarne) 18 serskilde Vokal-Ljod, som kvart kann vera langt og stutt. Detta maa segjast vera ein stor Fyremun. Sumstad (som i Ytre Nfd.), skilja dei ogsaa tydelege tvo a'ar, ein trong i Hav Fat, og ein open i Visa, bad, fat (take fat), som er myket lik (um ikkje nett den same som) den danske a i: Gade (eng. glass.)

Merkn. 2. Vokalen er ogso stutt i desse Ordi: den, ein, eit, fram, han, som, um.

§ 18. Vokalarne verta framborne anten paa Baktunga (o) elder paa Framtunga (i) elder paa heile Tunga (u) og kunna deretter verta deilte i tri Klassor:

Bakljod: o, aa a
Framljod: i, y, e, ø, æ, (ei, øy)
Blandljod: u (au).

§ 19. Bakljodi og Blandljodi kalla me harde Vokalar, dei andre linne. Ein hard Vokal kann i ymse Tilfelle verta linn, og dette Vokalskifte kalla me **lint Ljodbrigde** („Omlyd af i"). Med lint Ljodbrigde vert:

| | | | |
|---|---|---|---|
| **a** | til | **e**: | fast, festa; taka, tek. |
| **aa** | „ | **æ**: | Taa, Tær; slaa, slær. |
| **o** (open) | „ | **y**: | Sorg, syrgja (undant. Son, Søner). |
| **o** (trong) | „ | **ø**: | stor, større. |
| **u** | „ | **y**: | upp, yppa; Dun, Dyna; Sut, syta. |
| **jo** og **ju** | „ | **y**: | Ljos, lysa; mjuk, mykja; skjota, skyt. |
| **au** | „ | **øy**: | Draum, drøyma. |

Merkn. Naar a vert til o, kalla me det hardt Ljodbrigde: Barn, Born.

§ 20. Naar Vokalen liksom spring fraa den eine Klassa til den andre, kalla me Vokalskiftet fyre **Ljodsprang** („Aflyd").

1. springa — sprang — sprunget
2. sitja — sat — setet
3. stiga — steig (eig. ai) — stiget
4. bjoda — baud — bodet
5. fara — for (eig. u) — faret
6. blaasa — bles — blaaset.

§ 21. Med Konsonantarne er det aa merka, at g og k framfyre linne Vokalar faa ein linnare Uttale elder liksom eit Etterljod af j. Eks.: Geit, køyra (Uttala: Gjeit, kjøyra).

Merkn. I Samansetning heve g og k framfyre e sin aalmenne harde Uttale: makelaus, Hageblom.

§ 22. rn vert i Daglegtalen ofta tiljamnad til nn (eld. dn): Visorna (utt. Visonna); Baatarne (utt. Baatanne eld. Baatadne).

§ 23. d vert oftaste ikkje uttalad etter r: Ord, Gard. t og d falla burt i Tvostavelsesformer, naar dei standa i Enden: Huset, annat, kallad (utt. Huse, anna, kalla).

Merkn. Likaeins er det med Endingi —de i linne Gjerningsord: kallade (utt. kalla).

§ 24. Etter den Maate, som Konsonantarne verta lagade paa, kann ein deila deim i tri Klassor:

Gome-Konsonantar: k g h j

Tunge-Konsonantar: t d s r l n

Lippe-Konsonantar: p b f v m.

Merkn. 1. p, t, k er harde Konsonantar, b, d, g er linne.

Merkn. 2. I dei ymse Maalføre er det sjølvsagt, at der er endaa mange Ting, som det var verdt aa tala um — soleides **Ljodtiljamningi**, som er so aalmenn i mange Bygdarmaal og ofta gjerer aalkjende Ord svært framande fyre deim, som ikkje vita um Regelen (vita vert til vatta, vaattaa, bera til barra baarraa, Hoka til Haakaa, Huku), men det vert ikkje Rom til det i denne vesle Boki.*)

## Ordlæra.

§ 25. Mange Ord skifta Form etter sitt Bruk elder sin Plass i Setningi. Eks.: Han s y n g; han s o n g. Han skaut Hjort e n; han skaut Hjort a r n e. Eg var so glad; du naar ikkje m e g. Slike Ord kalla me bøygjande, og dette Formskifte kalla me **Bøygning** elder Ordvending.

Sume Ord hava i Talen alltid same Formi og verta difyre kallade u b ø y g j a n d e.

Merkn. Tingord, Eigenskapsord, Pronomen, (Talord), Kjenneord og Gjerningsord er bøygjande, dei andre Ordklassor er ubøygjande.

### Tingordi.

§ 26. Tingordi kløyva seg i tri Flokkar etter sitt Kyn:

---

*) Ljodtiljamningi gjeld berre Ord, som hava open Vokal og ikkje eingong alle deim.

1. Mannkynsord er dei, som me kunna setja han istadenfyre og ein framfyre. Eks.: ein Mann; ein Staur.
2. Kvinnkynsord er dei, som me kunna setja ho istadenfyre og ei framfyre. Eks.: ei Kona; ei Skaal.
3. Inkjekynsord er dei, som me setja det istadenfyre og eit framfyre. Eks.: eit Dyr; eit Hus.

§ 27. Tingordi hava **tvo Talformer**, ei fyre **Eintal** (Dag, Visa) og ei fyre **Mangtal** (Dagar, Visor). I kvart Tal er der tvo Skilningsformer: ei ubundi Form (Dag, Visa; Dagar, Visor) og ei bundi Form (Dagen, Visa; Dagarne, Visorna).

Serskilda Former til aa merkja ut Plassen aat Tingordet i Setningi hava me ikkje manga av. Ei ubundi Eigeform vert vistnog brukad, men mesta berre i Samansetning (Dagslengd, Dagsror). Dessutan vert ofta ei bundi Avsynsform (Dativ, „Hensynsform") nyttad, helst i Lag med sume Gjerningsord elder etter ymse Præposisjonar (fylgja Foreldrom; ute i Skogom). I Motsetning til dessa Formerna kalla me den Makselen, som Tingordet jamnaste heve, fyr **Nemneform.**

Merkn. I Hardang bruka dei ikkje Avsynsform, likaeins er det mangstad i Telamork.

§ 28. Etter si Bøygning kunna Tingordi verta uppstelte i tri Flokkar, ein fyre kvart Kyn, og det soleides, at me innanfyre kvart Kyn skilja millom dei Ordi, som enda med Konsonant (Baat, Bygd, Ord) og deim, som enda paa Vokal (Hage, Visa, Oyra).

## Mannkynsord.

### a) Konsonant-endande.

§ 29. Eksempel.

| | Eintal. | | Mangtal. | |
|---|---|---|---|---|
| | Ubundi Form. | Bundi Form. | Ubundi Form. | Bundi Form. |
| Nemneform | **Dag** | **Dagen** | **Dagar** | **Dagarne** |
| (Avsynsform | | Dage | | Dagom) *) |
| (Eigeform | Dags | | Daga | ) |

Um korleides Eigeformi vert umskrivi sjaa § 40.

Fleire Eks.: Aal, Baat, Fisk, Fugl, Gard, Hest, Odd, Ring, Stol.

§ 30. Som Dag verta alle Mannkynsord bøygde, naar dei enda paa Konsonant elder er Einstavingsord — undtakand:

1. Ord, som enda paa **—el** og **—ul**; i deim vert e og u framfyre l utstøytt i Mangtal. Eks.: **Spegel**, Mgt. **Speglar**; **Ongul**, Mgt. **Onglar**.

Merkn. Likaeins: Hamar, Hamrar; Navar, Navrar; Sumar, Sumrar; Vetter (Vinter), Veltrar (Vintrar); Morgon, Mornar, (eld. Mernar, utt. Mennar).

2. nokre Ord, som faa **—er** istadenfyre **—ar** i Nemneformi i Mangtal. Eks.: **Kvist**, **Kvister**. Endar eit slikt Ord paa g elder k og heve linn Vokal i Roti, fær det **j** i heile Mgt. Eks.: **Vegg**, **Veggjer**, **Veggjom**.

Merkn. Desse Ordi er: Bekk, Belg, Benk, Bjørn, Brest, Byl (Vindslaga), Dregg, Dreng, Drykk, Flekk, Gjest, Gong, Gris, Hegg, Hyl (Dypt i ei Elv), Klegg, Kost (Vilkor), Legg, Leist (Hoseleist), Lekk (Ring i ei Kjeda), Lest (12 Tunnor), Lid (Led), Lim (Lem), Lit, (Let, Farge), Lut (Deild), Løk (djup, still Bekk),

---

*) Dei Formerna, som staa i Klomber ( ), er inkje naudsynlega. Avsynsformi er ikkje allstad brukande, Eigeformi næstan berre i Samansetning.

Merk: egg — eggen — eggjer. Altso j fyrst i fleirtal

Løn (Tre), Mun (Muner = Eigedom), Reit (Matrett), Rev (Røv), Rygg, Rykk, Sand, Sekk, Serk, Sid (Skikk), Sleng, Stad, Stegg, (Rjupestegg), Streng, Styl (Stylk), Styng, Vegg, Veik, Veng, Verk, Vev, Vin (Ven), Ørn, Øyk. Hertil kjem ogso: Døler, Egder, Fyrder (Fjordbuar), Teler, Trønder, Byggjer (Selbyggjer, Sparbyggjer).

3. nokre Ord, som Nemneformi i Mangtal faa **—er** og samstundes ljodbrigda Rotvokalen (§ 19). Eks.: **Son**, Mgt. **Søner**, Avsynsform **Sonom**, Eigeform **Sona**.

Soleides verta bøygde: Fot (Føter), Mann (Menner), Nagl (Negler), Spon (Spøner), Taatt (einskild Traad i ei Snor, Mgt. Tætter), Traad (Træder), Vott (Vetter). — Fader (Feder, Avsf. Fedrom); Broder (Brøder, Brødrom).

4. nokre Ord, som faa **—ar** istadenfyre **—s** i Eigeform Eintal. Eks.: **Rygg**, Samansetning: **Ryggjar-tak** (eld. **Ryggjetak**).

Sovorne Ord er: Benk (Benkjargaava), Botn (Botnarløysa), Draatt (Draattarreim), Dreng (Drengjarkall = Drengkall, Sveinkall), Fred (ein Fredar Mann), Gut (Gutarbarn), Katt (Kattarlabb), Kost (Kostarhelde), Mat (Matardrygsla), Meid (Meidarhals), Mun, Reit (liten Aaker med Potetor, Kaalrabi, Næpor), Rett (Rettargang), Sjo (Sjoar Is), Skog, Skurd (Skurdarfolk = Slaattfolk), Son, Veder (Ver), Vest, Veg, Vid (Ved), Vin.

5. Sko og Ljaa; Mgt. Skor, Ljaar.

**Mannkynsord.**

b) Vokal-endande Mangstavingsord.

§ 31. Eksempel.

| | Eintal. Ubundi Form. | Eintal. Bundi Form. | Mangtal. Ubundi Form. | Mangtal. Bundi Form. |
|---|---|---|---|---|
| Nemneform | **Ende** | **Enden** | **Endar** | **Endarne.** |
| Avsynsform | | Enda | | Endom |
| Eigeform | Enda | | Enda | |

Um Eigeformi sjaa § 40.

Fleire Eks.: Granne, Hage, Hane, Kjole, Sele, Straale.

§ 32. Som Ende verta alle Mannkynsord bøygde, som enda paa tonlaus—e, sonærsom **Bonde**, Mgt. **Bønder**.

## Kvinnkynsord.

### a) Konsonant-endande.

§ 33. Kvinnkynsord, som enda paa Konsonant, faa i bundet Eintal —i (mange Stader —e eld. —a). Til Eksempel paa heile Bøygningi kann tena:

| | Eintal. | | Mangtal. | |
|---|---|---|---|---|
| | Ubundi Form. | Bundi Form. | Ubundi Form. | Bundi Form. |
| Nemneform | **Grein** | **Greini(a)** | **Greiner** | **Greinerna** |
| Avsynsform | | Greinenne | | Greinom |
| Eigeform | Greinar | | Greina. | |

Um Eigeformi sjaa § 40.

Fleire Eksempel: Bygd, Fil, Naal, Sokn. — Mark (Markjer).

§ 34. Som Grein verta alle Kvinnkynsord bøygde, naar dei enda med Konsonant elder Samljod elder er Einstavingsord (Bru) — undanteket:

1. nokre Ord, som faa **—ar** og **—arne** i Nemneformi i Mgt. Eks.: **Elv**, Mgt. **Elvar**, **Elvarne**.

Merkn. Som Elv verta bøygde: Aadr (Blodaadrar), Aar (paa Baat), Brik (stutt Benk), Byrd, Erm, Flis, Geil (Veg millom tvau Gjerde, Smog millom tvau Hus), Greip (Moldgreip, Greipreka), Grind, Gyger, Gymber (eld. Gimber, ung Saud, som ikkje heve havt Lamb), Heid, Helg, Herd, Hind (Hjortkolla), Kleiv, Kvern, Lein (Lid, Fjellsida), Liver, Merr, Mjødm (Mjødmarne = Hofterna), Myr, Møy, Næver, Reim, Rim (Tverstokk i

ein Stige eld. Grind), Rip (øvste Bordet i **Baaten**), Røyr, Røys (Steinrøys), Sild, Sin, Sneis, Spik (Handspik), Strind (ei Stripa i Ty, ein Kant o. m.), Svill, Sæter, Vik, Øks, Øy, Øyr — og alle Ord paa —ing (Gjerning, Gjerningarne). Desse Ordi faa —jar i Mgt.: Egg, Eng, Hes, Klyv, Skjel (Kraake-skjel) og Vid (= Vidja). Il (Undersida paa Foten) vert mest brukat i Mgt. Iljarne. Dyr („Dør") heiter i Mgt. Dyrer eld. Dyrar.

2. sume Ord med open o i Roti, og som i Mangtal hava a i Staden. Eks.: **Oksl; Aksler, Aksla, Akslom.**

Soleides: Kos (ein Dunge; eit avbrent og tilsaatt Jordstykke, Mgt. Kaser), Gorn (Tarm), Nos (= Nasa), Nov, Ogn (paa Korn), Torv („Det var Tarverna" = det kunde trengast).

3. nokre Ord med open o i Roti, og som brigda o til e i Nemneformi i Mangtal og til a i Eigeformi; i Avsynsformi hava dei o. Eks.: **Tonn, Tenner;** Eigef. **Tanna**, Avsynsf. **Tonnom.**

Soleides: Dokk (Smiledekker), Fonn, Honk, Logg, Mork, Not (Frukt), Rong (paa Baat; „sitja i Rongi" = sitja i Skuten), Stong, Tong, Vok (paa Isen), Vomb. Likaeins: Hond (eld. Hand), Ond (eld. And), Rond (eld. Rand), Strond (eld. Strand). Gron (eld. Gran), Mgt. Graner elder Grener.

4. nokre Ord, som hava Ljodbrigde (§ 19) i Nemnef. Mangtal. Eks.: **Gaas, Gjæser; Bot, Bøter;** Avsynsf. **Gaasom, Botom;** Eigef. **Gaasa, Bota.**

Soleides: Bok, Brok, Flaa (ei liti Hylla i bratte Fjellet; ogso Kavl, Fljot), Flo (Marflo), Glod, Gro (eit Slag Frost), Grov (Bekk; Grovarbarden = Bekkjetrømen), Klo, Kraa, Ku, Laag (eit neddottet Tre), Lus, Mus, Naatt (eld. Natt), Not (Garn), Raa (paa Baat), Raak (opi Renna i Isen), Ro (Jarnskiva, Skruvro), Rot, Skaak, Skraa (Laasskraa; Bitskraa), Slaa (Tverslaa), Taa, Taag, To (Flaa, Hylla i Fjellet). Dotter (Mgt. Døtter, Avsf. Døttrom), Moder (Mgt. Møder, Avsf. Mødrom).

## Kvinnkynsord.

b) **Vokal-endande Mangstavingsord.** = svake ord

§ 35. Eksempel.

| | Eintal. Ubundi Form. | Eintal. Bundi Form. | Mangtal. Ubundi Form. | Mangtal. Bundi Form. |
|---|---|---|---|---|
| Nemneform | **Visa** | **Visa(o)** | **Visor** | **Visorna** |
| Avsynsform | | Visonne | | Visom |
| Eigeform | Viso | | | |

Um Eigeformi sjaa § 40.

Soleides verta alle Kvinnkynsord bøygde, som enda paa a og hava meir en eit Stavelse.

Fleire Eksempel: Fura, Klokka, Kona, Vika.

## Inkjekynsord.

a) Konsonant-endande.

§ 36. Eksempel.

| | Eintal. Ubundi Form. | Eintal. Bundi Form. | Mangtal. Ubundi Form. | Mangtal. Bundi Form. |
|---|---|---|---|---|
| Nemneform | **Aar** | **Aaret** | **Aar** | **Aari** |
| Avsynsform | | Aare | | Aarom |
| Eigeform | Aars | | Aara | |

Um Eigeformi sjaa § 40.

Fleire Eksempel: Bord, Bur, Dyr, Fat, Glas, Tre.

§ 37. Som Aar verta alle Inkjekynsord bøygde, som enda paa ein Konsonant; likaeins dei, som enda paa e. Eks.: **Eple**, bundet Eint. **Eplet**; ubundet Mangt. **Eple**; bundet Mangt. **Epli**. Merk:

1. Sume Ord med a i Roti faa hardt Ljodbrigde i Mangtal (§ 19, Merkn.) Eks.: **Barn, Born.**

Soleides: Aks, Band, Lamb, Plagg, Skaft, Vatn.

2. Ord, som enda paa —ge og —ke, faa j framfyre a og o. Eks.: **Gjenge, Gjengjom; Merke, Merkja, Merkjom.**

### Inkjekynsord.

### b) Vokal-endande.

§ 38. Eksempel.

| | Eintal. | | Mangtal. | |
|---|---|---|---|---|
| | Ubundi Form. | Bundi Form. | Ubundi Form. | Bundi Form. |
| Nemneform | **Auga** | **Augat** | **Augo(or)** | **Augo(orna)** |
| Avsynsform | | Auga | | Augom |
| Eigeform | Auga | | Augna | |

Um Eigeformi sjaa § 40.

Soleides verta bøygde: Hjarta, Noda (=Nysta), Nyra, Nysta, Okla, Øyra.

### Um Avsynsformi og Eigeformi.

§ 39. **Avsynsformi** kann verta brukad:

1) til aa merkja ut, kven det er, som Gjerningi i Setningi skjer fyr. Eks.: Han gav Gutom Mat.

2) i Lag med nokre Gjerningsord. Eks.: Han hjelpte Foreldrom.

Slike Gjerningsord er: duga, fylgja, gagna, hjelpa, høva, likjast, lyda, søma, tena.

3) i Lag med nokre Eigenskapsord. Eks.: Han er rædd Hundom.

Slike Eigenskapsord er: kvitt, leid, lik, ulik, skyld.

4) etter sume Præpositionar elder Høveord. Sjaa § 104, Merkn. 1.

Merkn. 1. I alle desse Tilfelli kann ein nytta Nemneformi.

Merkn. 2. I sume Ordsetningar hava me ogso atter fraa gamle Maalet ei ubundi Avsynsform. Eks.: han reiste av Garde; bera Handi i Fatle; fara i Make; fem Vikor av Sumre (= etter

Sumarmaal, 14de April); vera paa Fotom; dei gjekk i Festom (= var trulovade); vera i Live.

§ 40. **Eigeformi** vert mest brukad i Samansetning og ymse Talemaatar. Eks.: eit Aars Tid; til Kvelds; til Nons; innan Stokks; Manna millom. Sjeldan elles: Bondens Vis; Mannsens Lukka. Eigeformi i andre Høve maa ein difyre i Landsmaalet umskriva (liksom i Engelsk, Fransk og ymse andre nye Maal). Denne Umskrivningi kann ganga fyr seg paa ein av desse Maatom:

1) med Præposisjonar, helst aat og til, men ogso av, etter, fyre, i, med, paa, yver. Eks.: Arven aat Guten; Retten til Grannen; Sanden i Havet; Kjølen paa Baaten.

2) med aa setja sin (si, sitt, sine) etter Tingordet. Eks.: Mannen sin Hatt. Det var Guten si Skuld.

3) med aa setja hans og hennar framanfyre. Eks.: Baaten hans Olav; Rokken hennar Gunhild. Dette Ordlaget kann ein berre bruka framfyre Folkenamn.

4) med Samansetning. Eks.: Naustvegg = Veggen paa Naustet. Kongsgard = Garden aat (til) Kongen = Kongen sin Gard.

Merkn. Gamal bundi Eigeform i: taka til Fotanne (= skunda seg, springa); til Naattanne = til Nattar = til Natti; Husanne millom = Husa millom.

## Eigenskapsordi.

### Bøygningsformer.

§ 41. Eigenskapsordi verta bøygde i **Kyn** og **Tal** og retta seg etter Tingordi, som dei staa attmed. Eks.: stor Mann; stort Hus; store Menner; stora Kyrkjor.

Naar dei standa utan Skilningsord elder etter det ubundne Kjenneord, verta dei bøygde soleides:

| Eintal. | | | Mangtal. | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Mannkyn. | Kvinnkyn. | Inkjekyn. | Mannkyn. | Kvinnkyn. | Inkjekyn. |
| **rik**(er) | **rik** | **rikt** | **rike** | **rika**(e) | **rike** |

Eks.: ein rik (eld. riker) Mann; ei rik Kona; eit rikt Land; rike Menner; rika Gjentor; rike Folk.

§ 42. **Merk:** 1. Ord, som enda paa —t med Konsonant elder Samljod framanfyre, faa inkje nokon ny —t i Inkjekyn. Eks.: svart Hatt; eit svart Klæde.

2. I Ord, som enda med —d, flyt —d i Eint. Inkjek. saman med —t til —tt i Uttalen. Eks.: hard, hardt; blid, blidt. — Naar —d ikkje høyrer til Roti, men er sjølv Ending, fell han burt framfyre t: bygd, bygt; lagad, lagat.

3. Ord, som enda paa Vokal, faa —tt i Inkjek. Eint.: ny, nytt.

4. Nokre Ord med tvo Stavingar verta samandregne i Mangt. Eks.: gamall, gamle; ymis, ymse; diger, digre.

5. gamall heiter i Kvinnkyn Eintal gamal elder gomol, Inkjek. gamalt.

§ 43. Eigenskapsord, som enda paa **—en, verta** bøygde soleides:

| Eintal. | | | Mangtal. | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Mannkyn. | Kvinnkyn. | Inkjekyn. | Mannkyn. | Kvinnkyn. | Inkjekyn. |
| **open** | **opi** | **opet** | **opne** | **opna**(e) | **opne** |

Som open verta Partisip (elder Eigenskapsmaaten) av sterke Gjerningsord bøygde. Eks.: komen, faren, skriven o. s. fr.

Merk: myken er utan Mgt. liten fær i Mgt. litle.

§ 44. Naar Eigenskapsordi hava det **bundne** Kjenneord elder eit annat Skilningsord (som: min, vaar, denne) framfyre seg, verta dei bøygde soleides:

**Eintal.**

| Mannkyn. | Kvinnkyn. | Inkjekyn. |
|---|---|---|
| den **rike** | den **rike**(a) | det **rike**(a) |
| den **opne** | den **opne**(a) | det **opne**(a) |

**Mangtal.**

| Mannkyn. | Kvinnkyn. | Inkjekyn. |
|---|---|---|
| dei **rike** | dei **rike** | dei **rike** |
| dei **opne** | dei **opne** | dei **opne**. |

Merk.: Dei Ordi, som er umtalade i § 42, 4, verta ogso samandregne i desse Formerna.

§ 45. Sume Eigenskapsord hava alltid same Formi. Soleides alle Ord paa —**ande** (sjaaande, truande), einstaka, faalida, jamstroka, manglida, sjølvvita; dessutan: fagna, gripa o. s. fr.

Merkn. I Talen er ogso Partisip paa ad utan Bøygning elder Vending. Eks.: Steinen er kasta(d), og: Steinarne er kasta(de).

Likningsformer elder Gradformer.

§ 46. Av aalmenne Eigenskapsord vert det lagat nye, som hava same Grunntydingi, men nemna Eigenskapen i ei høgre elder i den høgste Grad. Dette Formskifte med Eigenskapsordet kalla me **Gradbøygning** (Komparasjon). Eks.: **rik, rikare, rikaste.** Upphavsformi kalla me Grunnform (Positiv), rik; den andre heiter Høgregrad (Komparativ), rikare; den tridje nemna me Høgstegrad (Superlativ), rikaste.

§ 47. Dei fleste Eigenskapsordi leggja i Høgregradi —**are** og i Høgstegradi —**aste** til Grunnformi:

| Grunnform. | Høgregrad. | Høgstegrad. |
| --- | --- | --- |
| lett | lettare | lettaste |
| tru | truare | truaste |
| varleg | varlegare | varlegaste. |

Merkn. Ord paa —en og —er skjota ut —e i Gradbøygningi. Eks.: open, opnare, opnaste.

§ 48. Sume Eigenskapsord faa i Høgregradi —re og i Høgstegradi —st og ljodbrigda Vokalen (§ 19):

| | | |
| --- | --- | --- |
| ung | yngre | yngst |
| stor | større | størst |
| lang | lengre | lengst. |

Soleides: faa, høg, smaa, tung og stundom: djup, fager, grov, haag, laag, trong (trengre).

§ 49. Nokre Ord laga Gradformerna av ei onnor Rot en Grunnformi. Eks.: **god, betre, best.**

Merkn. Slike uregelrette Ord er: vond, verre, verst; liten, mindre, minst; myken, meire, mest; mange, fleire, flest; gamall, eldre, eldst..

§ 50. Nokre Eigenskapsord finnast berre i Høgregrad og Høgstegrad. Eks.: **indre, inst.**

Soleides: ytre, ytst; nedre, nedst; øvre, øvst, likaeins: attare, fremre, nørdre, sydre, øystre, vestre. — Berre i Høgregrad: høgre og vinstre. — Berre i Høgstegrad: einaste.

Merkn. Nokre Eigenskapsord hava ikkje serskilda Former fyre Høgregradi og Høgstegradi. Eks.: krokutt, framand, spakvoren. I desse Tilfelli kunna me umskriva Høgregradi med meir og Høgstegradi med mest: meir krokutt, mest krokutt.

§ 51. Høgregradformerna er ubøygjande (rikare, lengre); likaeins Høgstegradformerna paa —aste; Formerna paa —st verta bøygde som aalmenna Grunnformer, undanteket i sume Tilfelle. Eks.: Han er (den) yngste Sonen; han er yngst (men ogso: dei er yngst).

§ 52. Eigenskapsord kunna stundom verta brukade i

den bundne Formi utan Skilningsord framanfyre. Eks.: Hugen dreg halve Lasset. Han er inkje beste Mannen, som mest fiskar. Det var myrke(a) Natti, daa me kom fram. Kjære Vin.

Merkn. Sume Eigenskapsord er vortne mesta til Tingord. Eks.: Svarten; Blakken; Gamlen; Rauden.

## Pronomeni.

§ 53. Pronomeni verta deilte i: 1) Personlege Pronomen. 2) Attervisande (refleksive) Pronomen. 3) Eigedomspronomen. 4) Paavisande (demonstrative) Pronomen. 5) Spyrjande (interrogative) Pronomen. 6) Relative (atterførande) Pronomen. 7) Ubundne (indefinite) Pronomen.

Merkn. Pronomeni er eigenlege anten Tingord (eg, dei, kven) elder Eigenskapsord (nokon, denne).

§ 54. Dei **personlege Pronomen** er **eg** fyre **fyrste** Person (den, som talar), **du** fyre **andre** Person (den, som er tiltalad), **han, ho, det** fyre **tridje** Person (den elder det, som er umrødt). Desse Pronomeni hava ei serleg Form, naar dei er Subjekt elder Hovudlid i Setningi (Subjektform), og ei onnor Form, naar dei staa i andre Høve elder i Underlidom i Setningi (Objektform, Underform). Eks.: **Eg** skriv. Han saag **meg**. Elles verta dei bøygde soleides:

Eintal.

| | Fyrste Person. | Andre Person. | Tridje Person. Mannkyn. | Kvinnkyn. | Inkjekyn. |
|---|---|---|---|---|---|
| Subjf. | **eg** | **du** | **han** | **ho** | **det** |
| Objf. | **meg** | **deg** | **honom** | **henne** | **det** |
| Eigef. | — | — | **hans** | **hennar** | (dess) |

Mangtal.

| | | | Alle Kyn. |
|---|---|---|---|
| Subjf. | **me** (eld. vi) | **de** | **dei** |
| Objf. | **oss** | **dykk** (eld. dykker) | **deim** (e. dei) |
| Eigef. | (okkar) | **dykkar** | **deira** |

Merkn. 1. Vestlandet, Fjellbygderna: **me**; Austlandet, Nordlandet: **vi**; **dykk** vert sumstad uttalat: **døkk, dokk, dikk, dekk,** (deko, dikkon). I Mgt. vert Objektformi sumstad nyttad som Subjektform: oss ha' gjort det; dykk (døkk, dokk) maa koma no; deim (utt. dem) vilde fara heim, sa' de(i)m.

Merkn. 2. **Det er eg, det er du, det er han, det er dei;** (ikkje: det er meg, det er deg, o. s. fr.)

§ 55. Det **attervisande** elder reflexsive **Pronomen seg** viser alltid att paa Subjektet i tridje Person. Eks.: han gav seg. Dei gleda seg.

Merkn. Skylt med seg er kvarannan, Mgt. kvarandre, og einannan. Eks.: Dei gjekk ofta til kvarannan (tvo Menner). Dei var forlitet kjende med kvartannat (Mann og Kvinna).

§ 56. **Eigedomspronomeni** verta bøygde som Eigenskapsord i Kyn og Tal:

| Eintal. | | | Mangtal. | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Mannkyn. | Kvinnkyn. | Inkjekyn. | Mannkyn. | Kvinnkyn. | Inkjekyn. |
| **min** | **mi** | **mitt** | **mine** | **mina**(e) | **mine** |
| **din** | **di** | **ditt** | **dine** | **dina**(e) | **dine** |
| **sin** | **si** | **sitt** | **sine** | **sina**(e) | **sine** |
| **vaar** | **vaar** | **vaart** | **vaare** | **vaara**(e) | **vaare.** |

Merkn. Avsynsformer er i Bruk her og kvar (minom, minne, mino; dinom, dinne, dino o. s. fr.).

§ 57. Dei **paavisande Pronomeni** er:

| Eintal. | | | Mangtal. |
|---|---|---|---|
| Mannkyn. | Kvinnkyn. | Inkjekyn. | |
| **den** | **den** | **det** | **dei** |
| **denne**(a) | **denne**(a) | **dette**(a) | **desse**(a) |
| **hin** | **hi** | **hitt** | **hine**(a) |

Merkn. **den det** heiter ogso **dan dat** vestanfjells. Nfd. Vaagsøy den, men da(t). Denne = den her; denna = den der; desse = dei her; dessa = dei der. Av det, dat finst ei Avsynsform di. — hina er Kvinnkyn Mgt.; ogso hine.

Merkn. 2. Til dei paavisande Pronomen kann ein ogso rekna: same, slik, sovoren, baade, sjølv.

§ 58. Til **relativt** (atterførande) **Pronomen** vert Smaaordet **som** nyttat; det er ubøygjande.

§ 59. **Spyrjande Pronomen** er **kven** og **kvat** (utt. kva).

Merkn. kvat heve ei Avsynsf. kvi = kvifyre. Kven i Eigeform: kven sin eld. kven aat.

§ 60. **Ubundne Pronomen** er:

| Eintal. | | | Mangtal. |
|---|---|---|---|
| Mannkyn. | Kvinnkyn. | Inkjekyn. | |
| all | all | alt | alle(a) |
| annan | onnor | annat | andre(a) |
| annankvar | onnorkvar | annatkvart | — |
| einkvar | eikor | eitkvart | — |
| ingen | ingi | inkje | ingi |
| korgje | korgje | korkje | — |
| kvar | kvar(kor) | kvart | — |
| nokon | nokor | nokot | nokre(a) |
| sum | sum | sumt | sume(a) |

Framleides: **ein**; Eks.: Det er ikkje alle Gjestebod ein skal fara til og ikkje alle Spursmaal ein skal svara til. **Det**, upersonlegt; Eks.: det regner, det snjovar (ogso: han regner, han snjovar).

Merkn. korgje er det same som „nokon av tvo". Eks.: Han vilde hava deim baade; men han fekk ikkje korgje (nokon av deim). Endaa dei var tvo paa Baaten, gjorde dei ikkje nokot korgje (= nokon av deim).

## Talordi.

§ 61. Talordi er anten Grunntal, som endefram visa Mengdi med Ting, elder Ordenstal (Radtal), som merkja ut Plassen, som Tingen heve i ei viss Rad.

§ 62. **Grunntali** er uboygjande (tolv, trettan) so nær som dei fyrste fjore:

| Mannkyn. | Kvinnkyn. | Inkjekyn. |
| --- | --- | --- |
| **ein** (Mann) | **ei** (Kona) | **eit** (Barn) |
| **tvo** (Menner) | **tvo** (Konor) | **tvau** (Born) |
| **tri** (Menner) | **tri** (Konor) | **try** (Born) |
| **fjore** (Menner) | **fjora** (Konor) | **fjore** (Born) |

Merkn. Grunntali er: ein, tvo, tri, fjore (fira), fem, seks, sjau, aatta, nio, tio, elleve, tolv, trettan, fjortan, femtan, sekstan, sjauttan (syttan), attan, nittan, tjugo, ein og tjugo o. s. fr. tretti, fyrti, femti, seksti, sjautti (sytti), aatteti, nitti, hundrad, tusund.

§ 63. **Ordenstali** (Radtali) verta boygde som Eigenskapsord i bundi Form. Eks.: **den fyrste Baaten; den tridje(a) Boki.**

Merkn. Ordenstali er: den fyrste, andre, tridje, fjorde, femte, sette, sjaunde, aattande, niande, tiande, ellevte, tolvte, trettande, fjortande, femtande, sekstande, sjauttande (syttande), attande, nittande, tjugande, den ein og tjugande o. s. fr. trettiande, fyrtiande, femtiande, sekstiande, sjauttiande (syttiande), aattetiande, nittiande (hundrade, tusunde).

## Kjenneordi.

§ 64. Det **ubundne Kjenneordet**, som merkjer ut Tingen som aalmenn elder uviss, heiter som fyrr nemnt ein og vert boygt i Kyn: Mannkyn **ein**, Kvinnkyn **ei**, Inkjekyn **eit**. Eks.: Ein Baat. Ei Aar. Eit Segl. — Finst ogso i Mangtal: eine. Eks.: Dei fara som eine Galningar. Smlkn.: Kvat for eine er det dei meina?

Merkn. Framfyre Talord med Tydingi „paa Lag", „kringum" alltid ei. Eks.: Ei trettan fjortan; ei aatta Stykke.

§ 65. Det **bundne Kjenneordet**, som merkjer ut Tingen som kjend elder serskild, og som soleides liksom bind honom til aa tyda ein viss Ting, heiter den framfyre Eigenskapsord og vert boygt i Kyn og Tal.

Eks.: Den store Fossen; den lengste(a) Visa. Dei gamle Federne.

Merkn. Det bundne Kjenneordet er etter sitt Upphav same Ordet som det paavisande Pronomen.

§ 66. I Lag med Tingordi er det bundne Kjenneordet vortet upp i ei Ending (Mannen, Soli, Huset) og er soleides avgreidt fyrr med Yversyni yver Tingordi.

## Gjerningsordi.

§ 67. Me kunna tenkja oss, at ei Gjerning gjeng fyr seg no elder at ho heve gjenget fyr seg fyrr elder at ho vil koma til aa ganga fyr seg eingong i Framtidi. Me skilja etter dette millom **tri Tider: Notid** (eld. Samtid) — eg skriv — **Fyrrtid** — eg skreiv — **Framtid** — eg vil skriva. Gjerningsordet heve i Norsk liksom i mange skylde Maal serskilda Former berre fyr tvo Tider: Notid og Fyrrtid.

Merkn. Notidformi vert ofta brukad um Framtidi. Eks.: Han kjem imorgon. Framtidformi vert elles skapad med Samansetning, anten vil elder skal. Likaeins er det med dei andre Tidformer, som i ymse langframande Maal hava sjølvstøda Former; Perfektum vert umskrivet med: (eg) heve, Pluskvamperfektum med: (eg) hadde. § 70, Merkn.

§ 68. I Notid (og Fyrrtid) hava Gjerningsordi **tvo Talformer, Eintal og Mangtal. Eintalsformi vert brukad, naar Subjektet er Eintal: eg, du, han, Mannen skriv; Mangtalsformi, naar Subjektet er Mangtal: me, de, dei, Mennerne skriva.**

Merkn. I Fyrrtid er ikkje Skilnaden millom Eintal og Mangtal gjenomførd i Ny-norsk. I dei linne Gjerningsordi, me kalla, er det ingenstad i Landet nokon Skilnad; i dei sterke er han ikkje aalmenn. I denne Boki er det gjort Skil i Notid, so nær som i: er, skal, men ikkje i Fyrrtid.

§ 69. Me kunna segja ut Gjerningsordet paa ymislege Maatar:

1. Me kunna fortelja endefram, at nokot hender. Eks.: Dei koma no. Han sat og arbeidde. Denne Utsegjingsmaaten kalla me **Forteljingsmaate** (Indikativ).

2. Me kunna ynskja, at nokot hender. Eks.: Gud hjelpe oss. Aa, um eg finge det. Denne Maaten kalla me **Ynskjemaaten** (Konjunktiv).

3. Me kunna bjoda, at nokot vert gjort. Eks.: Skriv! Statt! Spring! Gange fram, Gutar! Denne Maaten kalla me **Bjodemaate** (Imperativ).

4. Me kunna berre nemna Gjerningi utan aa binda henne til nokot Subjekt. Eks.: Aa køyra, aa leika. Denne Maaten kalla me **Nemnemaaten** (Infinitiv).

Merkn. Etter desse Gjerningsordi vert aa utelatet: bella (vinna): eg beller ikkje gjera det; byrja; herda (tola): eg herder ikkje høyra paa det; kunna; lata; laatast: han læst vera framand; ljota (maa): me ljota reisa; lysta; maa; nennast (bry seg um): han nentest ikkje kosta det; orka; segjast; skulo; synast; timast; tora; trøysta (vaaga): han trøyster ikkje leggja ut; turva; tykjast; verta: eg vert vel ganga; vilja, vinna.

5. Me kunna tenkja oss Gjerningi liksom ein Eigenskap hjaa ein Ting. Eks.: Det kom ein Fugl fljugande (Notid); ein kastad Stein (Fyrrtid). Denne Formi kalla me **Eigenskapsmaaten** (Partisip).

Merkn. Partisip elder Eigenskapsmaaten vert bøygt som Eigenskapsord, § 42, 2, § 43, § 45 og § 99.

§ 70. Gjerningsordet vert etter detta bøygt i Tid(2), Tal(2) og Maate(5). Nemnemaaten, Fyrrtid i Forteljingsmaaten og Fyrrtid i Eigenskapsmaaten kalla me Hovudtider. Eks.: finna, fann, funnet; dylja, dulde,

dult; kasta, kastade, kastat. Naar me kjenna desse Tiderna, kunna me skapa dei andre av deim.

Merkn. Umfram dessa Formerna hava me ogso nokra, som enda paa —st(ast), den atterverkande Form (**Refleksivform**). Eks.: det dagast; han segjest vera sjuk; dei skjemmast ikkje. Sereigi Form fyre **Passiv (Lideform)** bruka dei derimot berre sjeldan paa Norsk, helst upersonlegt. Eks.: Det spyrst. Dei passive Former elder Lideformerna verta elles umskrivna med Fyrrtid i Eigenskapsmaaten og Tiderna av vera og verta. — Hava, skulo, vera, verta og vilja kalla me Hjelpegjerningsord.

§ 71. Etter den Maaten, Gjerningsordi skapa Hovudtiderna paa, deila dei seg i tvo store Hopar: **sterke** og **linne**. Sterke Gjerningsord kalla me deim, som skapa Hovudtiderna med Hjelp av Ljodsprang (§ 20) —finna, fann, funnet —linne kalla me deim, som skapa sina Hovudtider med Endingar: døma, dømde, dømt.

## Sterke Gjerningsord.

§ 72. Etter det ymislege Ljodspranget deila dei sterke Gjerningsordi seg i seks Klassor elder Rader. Til ei Fyresyning av alle serskilda Former, som eit sterkt Gjerningsord heve, kann tena **fara**.

Forteljingsmaate. Notid.
Eintal: eg, du, han **fer**
Mangtal: me, de, dei **fara**

Ynskjemaate. Notid.
Baade Tal: **fare**

Forteljingsmaate. Fyrrtid.
Eintal: eg, du, han **for**
Mangtal: me, de, dei **for** (eld. foro).

Ynskjemaate. Fyrrtid.
Baade Tal: **føre** (sjeldan)

Bjodemaate.
Eintal: **far!**(du)
Mangtal: **fare!**(de)

Eigenskapsmaate.
Notid: **farande.**
Fyrrtid: **faren (fari, faret).**

Nemnemaate.
**fara.**

§ 73. **Fyrste Klassa.**

| Nemnemaate. | | Notid Fortelj. | Fyrrtid Fortelj. | Fyrrtid Eigenskapsm. |
|---|---|---|---|---|
| **finna** | Eint. | **finn** | **fann** | **funnet.** |
| | Mangt. | **finna** | (funno) | |
| **bresta** | Eint. | **brest** | **brast** | **brostet.** |
| | Mangt. | **bresta** | (brosto) | |

Merkn. Som finna: drikka, klinga, spinna, springa; brenna, demba (gyva), renna. — binda, stinga, vinda hava i Fyrrtid: batt, stakk, vatt (Mgt. bundo, stungo, vundo) og Bjodem. Eint. bitt, stikk, vitt; Mgt. binde, stinge, vinde.

Som bresta: blekka (blaasa lint, um Vinden), detta, fella (falla), gjelda, gjella (gnella; „Hunden gøyr og gjell"), gleppa, gletta (= glida, snaava), gnella, helpa (oftare lint: hjelpa), klekka (klikka (um Byrsa); „det klekk ikkje aat honom" = det er ikkje nog aat honom), klessa (klistra), knekka, knetta, kreppa („det krepp ihop", det kryp ihop), kvekka, kvelva, kveppa, kverva (det kvarv burt, det kom av Syne), nerta (= koma aat, røyva), rekka, skjella (gnella), skjelva, skrella (smella), skreppa (glida; ogs. skreppa ihop = kreppa), skvetta, sleppa, sletta („Vesten heng og slett (sleng) paa honom"), smella, smelta, smetta, snerka („Han snark av" = han kom seg burt), snerpa (Styvlarne snerpa ihop = kreppa), snerta („Han hoppade yver Stolen og snart (kom) ikkje nedaat"), sverva (ringa seg, fara i Ring, ida, um Vatnet), tverra (minka; „det tverr i Kokingi"), vella (strøyma), velta, verpa, verta (eld. verda).

§ 74. Uregelrette er: hogga (høgg; hogg; hogget), nyggja (nygg; nogg; nogget; „Baaten laag og nogg seg mot (skrapade, hogg paa) Fjellet"; „Skoen nygg meg"), syngja (syng; song, sunget), søkka (søkk; sokk; sokket), trenga (treng; trong; trunget). — Som nyggja gjeng: tyggja. Som søkka: kløkka (verta sorgmodig), skrøkka (= kreppa, snerpa), sløkka (slokna, um Eld, Ljos), støkka (bresta; falla ut; ogso = skvetta, kveppa). Som trenga: slengja.

§ 75. **Andre Klassa.**

| Nemnemaate. | | Notid Fortelj. | Fyrrtid Fortelj. | Fyrrtid Eigenskapsm. |
|---|---|---|---|---|
| **kveda** | Eint. | **kved** | **kvad** | **kvedet.** |
| | Mgt. | **kveda** | (kvaado) | |
| **giva** | Eint. | **giv** | **gav** | **givet** |
| | Mgt. | **giva** | (gaavo) | |
| **sitja** | Eint. | **sit** | **sat** | **setet** |
| | Mgt. | **sitja** | (saato) | |
| **bera** | Eint. | **ber** | **bar** | **boret** |
| | Mgt. | **bera** | (baaro) | |

Merkn. Som kveda: drepa, kreka (krjupa; yra), leka (Baaten lak), lesa, reka. Som giva: gita („Han gat (sagde) ikkje eit Ord um det aat meg"). Som sitja: bidja (eld. beda). Som bera: skjera, stela, svemja (= symja).

§ 76. Uregelrette er: eta (et; aat; etet); koma (kjem; kom; komet); liggja (ligg; laag; leget), sjaa (ser; saag; seet), sova (søv eld. sev; sov; sovet), vera (er; var; voret).

§ 77. **Tridje Klassa.**

| Nemnemaate. | | Notid Fortelj. | Fyrrtid Fortelj. | Fyrrtid Eigenskapsm. |
|---|---|---|---|---|
| **bita** | Eint. | **bit** | **beit** | **bitet** |
| | Mgt. | **bita** | (bito) | |

Merkn. Soleides: bida (vera til; „det beid ikkje ein, som vilde tru det"), driva, flina (flira), gina („det gin gjenom Golvet": det gaper, Golvet er ikkje tett), glida, glima (skina, lysa; „det gleim av det"), glina (glansa), gnida, grina, gripa, kika, kliva, knipa, krina, kviva (surra), lida, lita, niga (bukka seg), nita („det nit (sting, verkjer) i den eine Sida"), rida, rina (verka; „det rin ikkje paa deim": det bit ikkje paa deim; skrika, um Grisen), risa (standa upp; „han vilde ikkje risa"), riva, siga, sina (siga, glida), skina, skrida, skrika, skriva, slita, smita („han smeit seg av, undan": han lurde

seg av), snida (skjera), s t i g a, strika (paa Seglet), s v i d a, s v i k a, s v i v a, t r i v a, v i k a.

§ 78. **Fjorde Klassa.**

| Nemnemaate. | | Notid Fortelj. | Fyrrtid Fortelj. | Fyrrtid Eigenskapsm. |
|---|---|---|---|---|
| **njota** | Eint. | **nyt** | **naut** | **notet** |
| | Mgt. | **njota** | (nuto) | |
| **kljuva** | Eint. | **klyv** | **klauv** | **klovet** |
| | Mgt. | **kljuva** | (kluvo) | |
| **stupa** | Eint. | **styp** | **staup** | **stopet** |
| | Mgt. | **stupa** | (stupo) | |
| **gyva** | Eint. | **gyv** | **gauv** | **govet** |
| | Mgt. | **gyva** | (guvo) | |

Merkn. Som njota: b j o d a, b r j o t a, d r j o s a (= drysja), f l j o t a, f r j o s a, g j o s a (vella, strøyma fram: det gaus Blodet or Saaret), gjota (gjota (støypa) Knappar), k j o s a (kaara; kjosa paa: røysta, „stemma" paa), l j o t a (han lyt (er nøydd til aa) gjera det), njoda (klinka), n j o s a, rjoda (eld. ryda: venda (Høy); velta ut (um Korn) o. m.), rjosa (anda sterkt: han raus og sov), rjota (falla ut, „han raut i Elvi"; knurka), s j o d a (koka), s k j o t a, t j o t a (kvina, um Vinden; marma, um Vatnet; knurka, um Folk), t r j o t a (faa Ende; „det tryt upp"). Som kljuva: drjupa, f j u k a, f l j u g a, k r j u p a, l j u g a, r j u k a, rjuva (riva upp), s m j u g a, s t r j u k a. Som stupa: glupa (glefsa; „Hunden glaup Kaka fraa meg"), grupa (knusira, mala grovt; grupa Korn) guva (eld. gyva. „Vegen er so turr, at det gyv fyre Foten"), k u t a (eld. kyta = springa), s u g a, s u p a. Som gyva: s k y v a (eld. skuva).

§ 79. **Femte Klassa.**

| Nemnemaate. | | Notid Fortelj. | Fyrrtid Fortelj. | Fyrrtid Eigenskapsm. |
|---|---|---|---|---|
| **fara** | Eint. | **fer** | **for** | **faret** |
| | Mgt. | **fara** | (foro) | |
| **taka** | Eint. | **tek** | **tok** | **teket** |
| | Mgt. | **taka** | (toko) | |
| **slaa** | Eint. | **slær** | **slo** | **sleget** |
| | Mgt. | **slaa** | (slogo) | |

Merkn. Som fara: ala, gala, grava, maka, skava, vada. Som taka: aka, skaka, draga, gnaga. Som slaa: flaa (aalm. lint), klaa, tvaa (vaska).

§ 80. Uregelrette er:

| | | | |
|---|---|---|---|
| døya (døy) | døyr | do | daaet (ogs. lint). |
| gøya | gøyr | go | gaaet (aalm. lint) |
| hevja | hev | hov (hovo) | hovet (ogs. lint) |
| laupa | løyp | ljop (eld. laup) | laupet (ogs. lint) |
| læja eld. læa | lær | log (logo) | lætt |
| standa (staa) | stend | stod (stodo) | stadet |
| sverja | sver | svor (svoro) | svoret |
| treda eld. traa | tred | trod | tradet |
| vega | veg | vog (vogo) | veget |
| veksa | veks | voks | vakset |
| veva | vev | vov (vovo) | vovet. |

§ 81. Sette Klassa.

| Nemnemaate. | | Notid Fortelj. | Fyrrtid Fortelj. | Fyrrtid Eigenskapsm. |
|---|---|---|---|---|
| **blaasa** | Eint. | **blæs** | **bles** | **blaaset** |
| | Mgt. | **blaasa** | (bleso) | |
| **faa** | Eint. | **fær** | **fekk** | **fenget** |
| | Mgt. | **faa** | (fingo) | |
| **ganga** | Eint. | **gjeng** | **gjekk** | **gjenget** |
| | Mgt. | **ganga** | (gingo) | |
| **graata** | Eint. | **græt** | **gret** | **graatet** |
| | Mgt. | **graata** | (greto) | |
| **halda** | Eint. | **held** | **heldt** | **haldet** |
| | Mgt. | **halda** | (heldo) | |
| **hanga** | Eint. | **heng** | **hekk** | **hanget** |
| | Mgt. | **hanga** | (hingo) | |
| **lata** | Eint. | **læt** | **let** | **latet** |
| | Mgt. | **lata** | (leto) | |
| **laata** | Eint. | **læt** | **let** | **laatet** |
| | Mgt. | **laata** | (leto) | |

## Aalmenne Merknadar um Bøygningi aat sterke Gjerningsord.

§ 82. **Nemnemaaten** endar paa a so nær som i nokre Gjerningsord: flaa, klaa o. s. fr.

Merkn. I sume Maalføre faa dei Gjerningsordi, som hava lang Vokal (graata, skriva) elder som hava tvifeld Konsonant (ganga, halda), —e i Nemnemaaten: graate, skrive, gange, halde, medan dei andre Ordi faa —a: bera, fara, taka, draga. I Trøndalag kasta dei endaa burt Endingi i det fyrstnemnde Tilfellet, so dei segja: aa graat', aa skriv', aa gang' (Namd.); men derimot: aa bera (eld. bara), aa fara, aa taka, aa draga.

§ 83. **Notid i Forteljingsmaaten.** Eintal vert lagat av Nemnemaaten med Burtkasting av Endingi —a og med lint Ljodbrigde: fara, fer; njota, nyt; faa, fær. Merk: lata, læt. Mangtal er alltid likt Nemnemaaten: fara.

Merkn. I Eint. Not. kunna dei sterke Gjerningsord ogso hava ei lengre Form paa —er. Eks.: finn eld. finner; bryt eld. bryter.

§ 84. **Fyrrtid i Forteljingsmaaten.** Mangtal i Fyrrtid er ikkje so aalment som i Notid og er helder ikkje gjenomført i alle Gjerningsord. Eks.: gøy. Fyrrt. go (elder oftaste lint: gøydde).

§ 85. **Notid i Ynskjemaaten** vert lagad av Stomnen i Nemnemaaten med Tillegg utav —e. Eks.: Han fare so langt han vil; — skjote, springe. Eintal og Mangtal er like.

§ 86. **Fyrrtid i Ynskjemaaten** er sjeldhøyrd. Eks.: finge, føre, vøre av faa, fara, vera.

§ 87. **Bjodemaaten.** Eintal vert lagat av Nemnemaaten med burtkastad —a. Eks.: skjot; far. Mangtal med Ending —e. Eks.: skjote, fare. Endar Nemnemaaten paa Rotvokalen, er Bjodemaaten lik Nemnem. flaa, sjaa.

§ 88. **Eigenskapsmaaten i Notid** endar paa —ande: komande, sjaaande. **Fyrrtid** heve Former fyre alle try Kyn og vert bøygd som Eigenskapsord paa —en: komen, komi, komet. Her er berre uppført Inkjekyn.

## Linne Gjerningsord.

§ 89. Dei linne Gjerningsord verta deilte i tri Deilder elder Klassor etter dei ymse Endingar, dei nytta til aa skapa Hovudtiderna med. Til Eksempel paa Bøygningi aat eit lint Gjerningsord kann tena: **døma**.

| Forteljingsmaate. | | Ynskjemaate. | |
|---|---|---|---|
| Notid. | | Notid. | |
| Eint.: eg, du, han | **dømer** | Baade Tal: | **døme** |
| Mgt.: me, de, dei | **døma** | | |
| Fyrrtid. | | Bjodemaate. | |
| Eint.: eg, du, han | **dømde** | Eint.: | **døm!** (du) |
| Mgt.: me, de, dei | **dømde** | Mgt.: | **døme!** (de) |
| Eigenskapsmaate. | | Nemnemaate. | |
| Notid: | **dømande** | | **døma** |
| Fyrrtid: | **dømd** (Inkjek. **dømt**) | | |

§ 90. Fyrste Klassa.

| Nemnemaate. | | Notid Fortelj. | Fyrrtid Fortelj. | Fyrrtid Eigenskapsm. |
|---|---|---|---|---|
| **telja** | Eint. | **tel** | **talde** | **talt** |
| | Mgt. | **telja** | | |
| **dylja** | Eint. | **dyl** | **dulde** | **dult** |
| | Mgt. | **dylja** | | |
| **setja** | Eint. | **set** | **sette** | **sett** |
| | Mgt. | **setja** | | |

Merkn. 1. Som telja: berja („berja (slaa) Flokar"; „berja (treskja) Korn"), bledja (velja), dvelja, esja (svella, pusna upp, um Deig), krevja, kvetja (= kvessa), kveva (kjøva), ledja (lasta eit Skip), leggja, lemja (slaa, banka), lepja (supa, um Katten, Kalven), semja (semja seg = forlikast), svelgja, tedja, (hævda, gjøda Jordi), temja, tenja (spana ut), velja, venja,

verja, vevja (sveipa, vinda um). Som dylja: dynja (dundra, staaka), byrja („han burde ikkje gjera det"), bysja (straa utyver Halm, Lauv), drynja, drysja, dynja, dysja (smaarigna, av Skodda), dyvja (dissa, „Jordi dyv;" „det dyv (dyn) fyre Dyrom"), flysja (reinska, taka av Skalet), flytja, glymja (dundra, dynja), grymja (murra), grysja (rysja, skjelva), knysja (knustra), mylja (knustra; mukka), myrja (gnika, skrapa; ogs. arbeida trottugt: „han gjeng no alltid og myr"), rydja, rynja („det runde (strøymde) full Bryggja med Folk"), rysja (=grysja), skrynja (skrøyta, skrona), smyrja, spyrja, stydja, stynja, symja, trysja (rydja Jordi fyr Tros), tysja (tuska), ylja (= yrja), ymja (murra), yrja („det yr og det kryr"). Som setja: gledja, grypja (knustra, um Korn), hylja (løyna), kylja (blaasa lint, Vinden), mydja (tyggja, rota i Fodret, „Hesten stend berre og myd"), selja, skilja, skylja, stedja.

Merkn. 2. Nemnem. tru; Notid Fortelj. trur (Mgt. tru); Fyrrt. trudde; Eigenskapsm. trutt (Mannk. trudd). — Soleides: bu, fli, gaa, gnaa (gnaga), gro, maa (gnika, „maa av Bokstavarne"), naa, ro, saa, sy, te (visa), traa.

## § 91. Andre Klassa.

| Nemnemaate. | | Notid Fortelj. | Fyrrtid Fortelj. | Fyrrtid Eigenskapsm. |
|---|---|---|---|---|
| **døma** | Eint. | **dømer** | **dømde** | **dømt** |
| | Mgt. | **døma** | | |
| **lysa** | Eint. | **lyser** | **lyste** | **lyst** |
| | Mgt. | **lysa** | | |

Merkn. 1. Soleides: 1. Gjerningsord, som er lagade av Tingord, Eigenskapsord og sterke Gjerningsord med Ljodbrigde. Eks.: lessa (Lass); festa (fast); svæva (sova, svav). 2. Gjerningsord med gj og kj framfyre Endingi: sprengja, styrkja — Tak undan: leggja (1ste Kl.); bryggja, eggja, kneggja (3die Kl.). — 3. Sume Gjerningsord med hard Vokal i Stomnen: duga, gapa, kaupa, kura, laana, lura, raada, sluta, spara, stura, tapa, tola, tora, vaka.

Merkn. 2. Naar Roti endar med einsleg d elder t, vert det tillagt d og t i Fyrrtid: møta, møter, møtte; leider, leidde, **leidt; men naar Stomnen endar paa d elder t med Konsonant**

(eld. Samljod) framanfyre, vert ikkje ny d elder t tillagd: henda, hender, hende, hendt; festa, fester, feste, fest.

§ 92. **Merk Bøygningi av desse Ord:**

| Nemnemaate. | Notid Fortelj. | Fyrrtid Fortelj. | Fyrrtid Eigenskapsm. |
|---|---|---|---|
| rekkja | rekkjer | rakte | rakt |
| gjera | gjerer | gjorde | gjort |
| tykja (tykkja) | tykjer | totte (tykte) | tott (tykt). |

Som rekkja: segja, tegja, tekkja, vekkja.

§ 93. Tridje Klassa.

| Nemnemaate. | | Notid Fortelj. | Fyrrtid Fortelj. | Fyrrtid Eigenskapsm. |
|---|---|---|---|---|
| **kasta** | Eint. | **kastar** | **kastade** | **kastat.** |
| | Mgt. | **kasta** | | |

Merkn. 1. Soleides dei allrafleste Gjerningsordi: hugsa, sola, taka, vanta (alle paa —ka, —la, —na, —ra, —sa, —ta), studera (alle Framandord).

Merkn. 2. Endingarne i Fyrrtid og Fyrrtid Eigenskapsm. fella burt i Daglegtalen: kasta' (= kastade, kastad, kastat). Sume skriva: kastad, kallad fyre kastade, kallade. I Bymaali uttala dei „kastet:" De(t) va(r) ikkje eg, so(m) „kastet" Steinen. Bergen.

§ 94. Uregelrette Gjerningsord.

| Nemnemaate. | Notid Fortelj. | | | Fyrrtid Fortelj. | Fyrrtid Eigenskapsm. |
|---|---|---|---|---|---|
| ausa | øys | Mgt. | ausa | auste | auste |
| eiga | eig | — | eiga | aatte | aatt |
| hava | heve | — | hava | hadde | havt |
| kunna | kann | — | kunna | kunde | kunnat |
| (muno, gn.) | mun | | | munde | |
| skulo (sku) | skal | — | (skulo) | skulde | skulat |
| turva | tarv | — | turva | turvte | turvt |
| valda | veld | — | valda | volde | valdet |
| vilja | vil | — | vilja | vilde | viljat |
| vita | veit | — | vita | visste | visst. |

Aalmenne Merknadar um linne Gjerningsord.

§ 95. **Notid Fortelj. Mangtal** er likt Nemnemaaten: me, dei telja, døma, kasta.

Merkn. Gjerningsordi av fyrste Klassa kunna i Notid Ein-

tal ogso hava ei lengre Form med —er. Eks.: Det dyver (eld. dyv) fyr Dyrom.

§ 96. **Fyrrtid Fortelj.** Mangtal er alltid likt Eintalet. Eks.: me dømde, dei kastade.

§ 97. **Ynskjemaaten i Notid** vert skapad av Stomnen i Nemnemaaten med Tillegg av —e: selje, døme, kaste. **Fyrrtid** i Ynskjemaate sjeldsynt: hedde, kynne (av hava, kunna).

§ 98. **Bjodemaaten** i Eintal er lik Stomnen: sel, døm, so nær som i 3dje Klassa: kasta, kalla. Mangtal endar paa —e: selje, døme, kaste. Endar Nemnemaaten paa Rotvokalen, er Bjodemaaten lik Nemnemaaten: ro.

§ 99. **Eigenskapsmaaten.** Notid endar paa —ande: setjande, dømande, kastande. Fyrrtidi vert bøygd som Eigenskapsord. Formi paa —ad heve i Mangtal —e i alle Kyn, og likaeins er det helst med Formi paa —d —t, naar ikkje Tingordet kjem strakst etter: Kyrkjorna er uppbygde(a).

## **Refleksive** (atterverkande) **Gjerningsord.**

§ 100. Refleksive elder atterverkande Former verta skapade av dei aktive med Tillegg av: —st.

| Nemnemaate. | | Notid Fortelj. | Fyrrtid Fortelj. | Fyrrtid Eigenskapsm. |
|---|---|---|---|---|
| finnast | | finst | fanst | funnest |
| | Mgt. | finnast | (funnost) | |
| venjast | | venst | vandest | vanst |
| | — | venjast | | |
| synast | | synest | syntest | synst |
| | — | synast | | |
| ottast | | ottast | ottadest | ottust |
| | — | ottast. | | |

Merkn. 1. Mgt. i Fyrrt. av sterke Gjerningsord er oftaste likt Eintal: fanst.

Merkn. 2 I Motsetning til dei refleksive og passive Former av Gjerningsordi kalla me den Makselen Gjerningsordet elles heve fyre **Aktiv** (Gjereform).

§ 101. Til ei Fyresyning av alla Formerna, samansette og usamansette, i Aktiv (Gjereform) og Passiv (Lideform), **kann tena det sterke Gjerningsordet: taka.**

## Aktiv (Gjereform).

| Tider. | Tal. | Forteljingsmaate. | Ynskjemaate. | Bjodemaate. | Nemnemaate. | Eigenskapsmaate. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Notid | Eint. | tek | take | tak! | taka | takande |
| | Mgt. | taka | | take! | | |
| Fyrrtid | Eint. | tok | toke | | | |
| | Mgt. | tok (eld. toko)*) | | | | |
| Fullendad Tid (Perfektum) | Eint. | heve teket | | | hava teket | |
| | Mgt. | hava teket | | | | |
| Fyre-Fyrrtid (Pluskvamperfektum) | Eint. | hadde teket | | | | |
| | Mgt. | | | | | |
| Framtid (Futurum simpleks) | Eint. | vil (skal) taka | | | vilja taka | |
| | Mgt. | vilja (skal) taka | | | | |
| Fullendad Tid (Futurum eksaktum) | Eint. | vil (skal) hava teket | | | | |
| | Mgt. | vilja (skal) hava teket | | | | |

## Passiv (Lideform).

| Tider. | Tal. | Forteljingsmaate. | Ynskjemaate. | Bjodemaate. | Nemnemaate. | Eigenskapsmaate. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Notid | Eint. | vert teken (i, et) | verte teken (i, et) | | verta teken, tekne | |
| | Mgt. | verta tekne (a, e) | verte tekne (a, e) | | | |
| Fyrrtid | Eint. | vart teken (i, et) | | | | |
| | Mgt. | vart (vorto)*) tekne (a, e) | | | | |
| Fullendad Fyrrtid (Perfektum) | Eint. | er teken (i, et) | | | vera teken, tekne | teken, i, et |
| | Mgt. | er (era)*) tekne (a, e) | | | | tekne, a, e. |
| Fyre-Fyrrtid (Pluskvamperfektum) | Eint. | var teken (i, et) | | | | |
| | Mgt. | var (vaaro)*) tekne (a, e) | | | | |
| Framtid (Futurum simpleks) | Eint. | vil (skal) verta teken (i, et) | | | vilja verta teken, tekne | |
| | Mgt. | vilja (skal) verta tekne (a, e) | | | | |
| Fullendad Framtid (Futurum eksaktum) | Eint. | vil (skal) vera teken (i, et) | | | | |
| | Mgt. | vilja, (skal) vera tekne (a, e) | | | | |

*) minder brukeleg Form.

## Adverb elder Fylgjeord.

§ 102. Adverbi er ubøygjande, sonærsom at sume kunna faa Gradbøygning likasom Eigenskapsord. Høgregradi endar daa jamnaste paa —**are,** sjeldan —r, og Høgstegradi paa —**aste,** sjeldan —st. Eks.: ofta, oftare, oftaste; lenge, lenger, lengst.

Merkn. meir, mest; minder (eld. mindre), minst.

§ 103. Etter si Tyding kunna me deila Adverbi i:

1. **Tidadverb.** Eks.: no, daa, stundom.
2. **Stadadverb.** Eks.: her, der, kvar, heim.
3. **Maateadverb.** Eks.: kor, soleides.
4. **Orsakadverb.** Eks.: difyre.
5. **Motsetningsadverb.** Eks.: likavel.
6. **Stadfestingsadverb.** Eks.: ja, til vissa.
7. **Neittingsadverb.** Eks.: nei, langtifraa.

## Præposisjonar elder Høveord.

§ 104. Præposisjonarne i Norsk er: av, aat, etter, fraa, fyre (fyr), gjenom, hjaa (hos), i, med, millom, mot, or, paa (aa), til, um, under, utan, ved, yver.

Merkn. 1. Til og millom styra i sume Tilfelle Eigeform av Tingordet: til Kvelds; Manna millom; Husa millom. I dei Bygder, som dei bruka Avsynsform, styra desse Præposisjonarne alltid den Formi: av, aat, fraa, hjaa, mot, or; sumtid med Avsynsform og sumtid med Nemneform staa: etter, fyre, i, med, paa, ved, under, yver. Eks.: Han er i Skogom; han reiste upp i Skogarne. — Um og gjenom styra alltid Nemneform.

Merkn. 2. Samansette Høveord hava me mange utav: attaat, attmed, attpaa, attum, attunder, attved, attyver, uppmed, uti, burtaat o. s. fr.

## Bindeord.

§ 105. Bindeordi er ubøygjande. Etter si Ty-

ding kunna dei verta deilte i sideordnande og underordnande. **Sideordnande** er: og, baade—og; elder, korkje—elder; anten elder; men. **Underordnande** (underskipande) er: at, daa, diat, endaa, fyrdi, innan, medan, naar, soframt, um, annast, ifall o. s. fr.

## Ordlagning.

§ 106. Ordi kunna ogso faa eit slikt Umskifte i Form, at Tydingi vert brigd, og det kjem fram likasom eit nytt Ord av det gamle. Dette Umskifte, som me kalla Ordlagning, gjeng fyr seg anten med Avleidning elder Samansetning.

### Avleidningi

§ 107. skjer anten med Endingar elder forutan og ofta med Ljodbrigde (§ 19). Eks.: Leira (av Leir); Hogg (av hogga); fiska (Fisk); tøk (taka, tok); Snøre (Snor); Sykja (sjuk); festa (fast); fløyta (fljota, flaut); Tenar (tena); Lesning (lesa); Vaagnad (vaaga); — Manndom, Kjærleike, Truskap, Vitløysa; — kvild (kvila); lydig, (lyda); minnug (minna); vandsleg, strævsam, endelaus; — sovna (sova); turka (turr).

### Samansetning.

§ 108. Naar Tingord vert samansett med Tingord, kann Fyrstedeildi av Samansetningi elder Upphavsordet anten vera lik Grunnformi aat Ordet: Sandjord, Doggfall, Takstein, elder ogso kann Upphavsordet hava Eigeform: Kongsgard, Baatslengd; Skogarteig, Ryggjartak; Hagablom; Solargang, Soknarfolk; Vikoblad, Kyrkjofolk; Aarstal, Merkesgard, (Riksstyre); Dagatal, Handaskifte, Landafred, Augnalok.

Merkn. I desse Tilfellom vert ofta brukat —e istadenfyre o, ar og a likasom i denne Boki: Landefred, Kyrkjefolk, Dagetal. Kvinnkynsord med —ing faa —s: Finningsløn.

§ 109. Naar Tingord vert ihopsett med Eigenskapsord, vert det oftaste nyttat Grunnformi aat Tingordet. Eks.: handfast, ordstød; likaeins naar Tingordet kjem i Lag med Gjerningsord. Eks.: rothogga, landganga (ein Baat). Men Mannkynsord og Kvinnkynsord, som enda paa Sjølvljod, hava e (eld. Eigeform): makelaus, helleleggja (eld. makalaus, hellolеggja).

§ 110. Naar Upphavsordet er Eigenskapsord, vert det oftaste brukat Grunnformi. Eks.: Storbaat, Unghest (men: Litlefinger, Jamaldre).

§ 111. Naar Upphavsordet er eit Gjerningsord, vert det jamnaste tillagt ein e aat Ordstomnen. Eks.: Lærebok, reisefør. Reine Stomnen i: Farveg, Dragkula (Leik), og ar i: Lesarbarn, Rennarbakke.

## Setningslæra.

### 1. Setningsdeilderna — Subjekt — Prædikat — Objekt — Personsobjekt — Utfyllingar.

§ 112. Naar Prædikatet er eit verksamt Gjerningsord (§ 11, Merkn. 1), trengst det i Setningi umfram Subjekt og Prædikat endaa ei Setningsdeild, som segjer, kvat Gjerningi verkar paa. Eks.: Han sette ut Baaten. Denne Setningsdeildi kalla me **Objekt** (Motlid).

Merkn. 1. Stundom kann ogso eit uverksamt Gjerningsord hava eit Objekt, helst av same Roti som Gjerningsordet. Eks.: Liva eit fagert Ungdomsliv.

Merkn. 2. Nokre Gjerningsord hava eit tvifeldt Objekt. Eks.: Han kallade Guten en Sæling.

§ 113. Sume Gjerningsord vilja ogso krevja ei Setningsdeild, som syner, kven det er fyre, at Gjerningi skjer. Eks.: Han gav oss ei Bok. Denne Setningsdeildi kalla me **Personsobjekt** (Avsynslid).

Merkn. Slike Gjerningsord er: bjoda, borga, byggja, etla, fortelja, gjera, giva, laga, laana, lova, meinka, neitta (=nekta), retta, raada, senda, segja o. s. fr.

§ 114. Setningi kann endaa faa ymse **Utfyllingar**, som nemna anten **Tidi**, daa Gjerningi gjeng fyr seg: Eg kjem imorgon; elder **Staden**, der ho gjeng fyr seg: Han stod langt burte; elder **Maaten**, Midelet, Prisen, Maalet: han slog med all si Magt; det kostar fem Krunor; elder **Orsaki**, Grunnen, Fyremaalet: Me eta fyre aa liva. (Adverbiale, Fylgjelid).

Merkn. 1 Naar det framfyre slike Utfyllingar kjem ein Præposisjon, kalla dei det ofta **Komplement**: Han for til Amerika.

Merkn. 2. Av andre Setningsutfyllingar kann ein merka seg, at det attaat eit Tingord kann verta sett:

1. eit eigenskaplegt Ord. Eks.: fager Skog; manga Visor; tvau Born; Staven min.

2. eit annat Tingord i Nemneform. Eks.: Kong Oskar; Diktaren Bjørnson; Byen Bergen. — Vara deg, Mann! I det sidste Tilfellet er Mann **Attaatsetnaden** (Apposisjon).

3. eit Tingord med Præposisjon framanfyre elder Eigedomspronomen etter. Eks.: Enden paa Visa; Mannen sin Hatt.

## 2. Hovudsetning — Undersetning.

§ 115. Ei Setning, som kann vera utsagd utan Hjelp av andre Setningar, kalla me **Hovudsetning**. Eks.: Baaten siglde. Ei Setning, som ikkje kann standa aaleine, men som lyt stydja seg aat ei onnor, kalla me **Undersetning**. Eks.: Baaten siglde, fyrr en Guten kom.

Undersetningi kann ein stundom smetta inn millom Liderne i Hovudsetningi. Eks.: Det, som eg fekk, var litet.

§ 116. **Hovudsetningarne** kunna vera av try Slag, anten forteljande; Eks.: Baaten siglde; elder spyrjande; Eks.: Kvat er lengste Timen paa Dagen? elder bjodande (ynskjande); Eks.: Kom heim! Liv vel!

§ 117. **Undersetningarne** er:

1. Tingordsetningar. Eks.: Det var vel, at du kom (Undersetningi Subjekt). Eg bad honom, at han skulde fara spakt fram (Undersetningi Objekt). Høyr etter, kvat han vil (Objekt). Me spurde, um han vilde kveda fyre oss (Objekt.)

2. Eigenskapssetningar; dei byrja oftaste med det relative Pronomen som: Han tegjer, som mest veit.

3. Adverbiale Setningar; dei byrja med dei underordnande Bindeord, undtakand at. Eks.: Det gode gjerest, medan det vonde gjeng (Tidi). Eg synte honom, kvar det var (Staden). Ingen visste rett, korleides dei skulde taka til med di (Maaten). Det var reint Uraad, med di Straumen gjekk som ein Foss (Grunnen).

§ 118. **Samanlikningssetningar** verta ihopknytte med: som (likasom), en, di — di (dess — dess). Eks.: Han er so god som tvo andre. Island er større en Danmark. Di meir han klagar, di minder fær han (elder dess meir — dess minder).

§ 119. Setningar, som er sambundna med sideordnande Bindeord, verta kallade **sideordnade Setningar**; dei kunna vera anten Hovudsetningar elder Undersetningar. Eks.: Hovudsetningar: Eg gjekk, og eg leitade. Undersetningar: Mange meina, at eit Land heve størst Gagn av aa bruka sitt

eiget Maal, og at det er ei Skam aa laana hjaa andre det, som ein eig sjølv.

## Skiljeteikn.

§ 120. **Komma** (, Striket) vert brukat:

1. millom Hovudsetning og Undersetning. Eks.: Naar Olet gjeng inn, so gjeng Vitet ut.

2. millom sideordnade Setningar. Eks.: Dauden er viss, men Dagen er uviss. Sume sova seg til Sæla (Lukka), og sume slæpa seg til Armod.

3. millom sideordnade Ord, som ikkje er sambundne med og, elder. Eks.: Daglegt Brød kallast — slikt som Mat og Drykk, Klæde og Sko, Hus og Heim, Aaker og Eng, Krøter, Lausøyre og Pengar, god Egtemake og lyduge Born, true Tenarar, gudelskande og paalitlige Yvermenner, god Landsstyring, haglegt Verlag o. s. fr. Du kann koma Onsdag, Fredag elder Laurdag.

4. etter eit Tiltaleord elder eit Innleidingsord i ei Setning. Eks.: Olav, no maa du koma. Ja, eg trur mesta det.

§ 121. **Semikolon** (; Prikk og Strik) vert brukat millom Hovudsetningar, naar der trengst ei større Skiljing en Komma. Eks.: Det er vakkert Landskap aa sjaa til, men faleg skrint og snaudt; det er berre turre Sandmoarne med nokot smaatt Ryslyng og Skrekling og nokra Furor; og naar det ikkje er rettelege Vaat—aar, so skin det av nedpaa der um Sumaren.

§ 122. **Punktum** (. Prikk) vert sett etter ei elder fleire Setningar, naar ei heil avmerkt Meining er til Ende. Eks.: Han var Student, og ho var Prestadotter. Han var inn paa dei aatta og tjugo, men ho var berre femtan. Han var høg og mager, bar Haa-

ret nokot nedyver Ennet (Panna), saag tankafull og stundom lidande ut. Ho var liti o. s. fr.

§ 123. **Kolon** (: Dubbel Prikk) bruka dei etter slike Ordsetningar som han sagde, han svarade, han kviskrade, dei ropade, naar det so kjem nettupp dei Ordi, som det vart sagt, svarat o. s. fr. I Lag med Kolon vert i dette Tilfeilet sett dubbelt Strik („ “) fyre og etter det, som er sagt. Eks.: Han sagde: „Eg kjem endaa ein Gong.“ — Likaeins vert det sett Kolon framfyre ei Upprekning med Ord. Eks.: Han aatte berre tvo Bøker: Bibelen og Heimskringla.

§ 124. **Spursmaalsteikn** (?) vert sett etter ei Hovudsetning, som inneheld eit Spursmaal. Eks.: Naar kom han? Kvat Tid reiser han?

§ 125. **Utropsteikn** (!) vert brukat etter Utrop. Eks.: Aa høyr daa, Gut! For ei Skam! Din Arming!

§ 126. **Tankestrik** (—) vert helst sett, naar det kjem nokot i Setningi, som er uventande elder som Lesaren skal serlege giva Agt paa. Eks.: Det er berre ein, som kunde bera fram Tidend um, korleides alt gjekk til, og han er no — burte.

§ 127. **Parentesteikn** (Klomber ()) inneheld eit Ord elder ei Meining, som er innskoti i Setningi, og som berre heve ein laus Samanheng med Innehaldet. Eks.: Det verste, som kann henda ein Mann (her paa Jordi daa), er aa liggja i Andlaatom (paa sitt sidste) og ikkje kunna minnast, at han heve gjort nokot godt i sitt Liv.

§ 128. **Bindeteikn** (=) bruka me mest til aa binda ihop ymsa Deilder av eit Ord.

Arvin i tide og Hjørne lid.

Gudfrygt er nyttigt for alle ting (nyttemoralen) 12/8

Inspirationen 13

Israels messiashåb 14de Aug

do do 15 og 16de

Depotbiblioteket
77sd 80 770